



# Forvaltingsplan for Hjartdal og Svartdal som utvalt kulturlandskap

---



---

Ingvill Garnås 2018

Oppdragsgjevar:	Styret for Hjartdal og Svartdal utvalde kulturlandskap
Kontaktpersonar:	Torunn Raftevold Rue, Seljord kommune; Maria Fremmerlid, Hjartdal kommune; Anne Aasmundsen, Fylkesmannen i Vestfold og Telemark
Forfattar:	Ingvill Garnås
Godkjenningsdato:	20.03.19
<i>Framsidedfoto:</i> 1) Utsyn frå Åbøgrenda mot Libøen i Hjartdal Nordbygd, 2) Utsnitt av lauvingslia på Myljom-To i Hjartdal Nordbygd, 3) Utsyn mot Haugsvold frå E134 i Svartdal, 4) Pløying med hest i Svartdal, foto: Turid Opsund Foto 1-3: Ingvill Garnås.	

## Utarbeiding av forvaltingsplan

Forvaltingsplanen for kulturlandskapet i Hjartdal og Svartdal skildrar status, mål og aktuelle tiltak i Hjartdal og Svartdal UKL.

Planen skildrar noverande status innanfor dei ulike satsingsområda knytt til kulturlandskap; landbruk, kulturmark, biologisk mangfald, kulturminne og formidling. Den gjev også føringar for kva for tema og tiltak ein ynskjer å prioritere. Dette inneber mellom anna eit oversyn over relevante tiltak og tilskottsordningar, og utpeiking av område der det kan vera trong for å koma med utfyllande tiltak og stønader.

Styret for Hjartdal og Svartdal UKL har leigd inn Kulturlandskapscenteret i Telemark AS (KLS) til å føre forvaltingsplanen i pennen. KLS sende inn eit anbod med framlegg til oppsett og skisse til innhald. Planen er utover dette utforma etter mal for oppsett av forvaltingsplan og i dialog med interimstyret i Hjartdal og Svartdal UKL, Fylkesmannen i Telemark og administrasjonen i Hjartdal og Seljord kommunar. Eg vil takke alle involverte for samarbeidet.

Hjartdal 30. november 2018

Ingvill Garnås

## Føreord

I 2017 fekk bygdene Svartdal og Nordbygda i Hjartdal status som nasjonalt utvalde kulturlandskap i jordbruket. Men alt i 2003 var dette området den norske kandidaten til Unescos internasjonale kulturlandskapspris. Dette er såleis eit område som i mykje lang tid har utmerka i høve kulturlandskapet og var så tidleg som 1994 utpeika som særleg verdifull kulturlandskap i Telemark.

Arbeidet med forvaltingsplanarbeidet var leia av interimstyret ved ei arbeidsgruppe. Kulturlandskapsenteret i Telemark fekk etter ein anbudsrunde oppdraget med å skrive planen. Det er håpet vårt at denne forvaltingsplanen vil vera til god hjelp for alle som tek del i det viktige og verdfulle arbeidet med å ta hand om UKL Hjartdal og Svartdal.

Hjartdal, 3. desember 2018

Olav Tho, leiar i interimstyret



*Figur 1: Telemarksfe på beite i Storstaul, Svartdal. Foto: Turid Opsund*

## Innhald

Føreord.....	3
1. Innleiing.....	6
1.1 Kva er <i>Utvalde kulturlandskap i jordbruket</i> ?.....	6
1.2 Målgrupper for forvaltingsplanen.....	7
1.3 Organisering av ordninga.....	7
1.4 Tilhøvet til kommuneplanen.....	7
2. Områdeskildring.....	8
2.1 Det utvalde kulturlandskapet.....	8
2.2 Kvifor eit utvalt kulturlandskap?.....	11
2.3 Status med omsyn til aktivt landbruk.....	11
2.4 Status med omsyn til biologiske verdjar.....	13
2.5 Status med omsyn til kulturminneverdjar.....	20
2.6 Status med omsyn til formidlingstiltak.....	25
3. utfordringar.....	29
3.1 Generelle utfordringar.....	29
3.2 utfordringar med ivaretaking av biologiske verdjar.....	29
3.3 utfordringar med ivaretaking av kulturminneverdjar.....	30
3.4 utfordringar med formidling.....	30
3.5 utfordringar med avgrensing.....	31
4. Målsetjingar.....	31
5. Aktuelle tiltak og innsatsområde.....	32
5. 1 Generelle tiltak:.....	33
Overordna informasjonstiltak.....	33
Overordna planleggingstiltak.....	33
5.2 Tiltak for å fremje beitebruk.....	33
Gjerding.....	33
5.2 Tiltak for å fremje biologisk mangfald.....	34
Slått av kantsoner.....	34
Fjerning av framande artar.....	35
5.3 Tiltak for å fremje kulturminneverdjar.....	35
Restaurering og vedlikehald av steingardar, fegater og bakkemurar.....	35
Synleggjering av kulturminne.....	35

Rydding og tilrettelegging av gamle ferdselsvegar .....	35
5.4 Tiltak for å styrke formidling av kulturlandskapsverdiar .....	35
«Frie opplevingsstilbod» .....	35
5.5 Andre næringsretta tiltak .....	36
6. Forvaltning og lovverk .....	36
7. Finansiering og søknadsprosedyre .....	37
7.1 Finansiering .....	37
7.2 Søknadshandsaming .....	38
Aktuell litteratur .....	39
VEDLEGG .....	41
VEDLEGG 1 GENERELL TILTAKSLISTE .....	41
VEDLEGG 2 OVERSYN OVER ANDRE RELEVANTE ORDNINGAR .....	43
VEDLEGG 3 OVERSYN OVER SKJØTSELSPLANAR .....	44
VEDLEGG 4 OVERSYN OVER NATURBASEREGISTRERINGAR .....	46

# 1. Innleiing

## 1.1 Kva er *Utvalde kulturlandskap i jordbruket*?

Satsinga Utvalde kulturlandskap i jordbruket (UKL) er ei oppfølging av nasjonale mål om å ta vare på særskild verdifulle kulturlandskap i Noreg. Gjennom UKL søker ein å ta vare på landskap med særskild store biologiske, økologiske og kulturhistoriske verdiar der ein også har ei aktiv landbruksdrift og styrken av kontinuerleg landskapspleie.

Opptakten er å finne i Stortingsmelding nr. 21 for 2004-2005, «Regjeringas miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand». Der heitte det; «*Kulturlandskapet skal forvaltast slik at kulturhistoriske og estetiske verdiar, biologisk mangfald og tilgjengelegheit blir halde ved like*».

I Landbruks- og matdepartementets stortingsproposisjon nr. 1 for 2005-2006 blei det felt ned eit nasjonalt mål om at spesielt verdifulle kulturlandskap skulle vera kartlagt og få ei særskilt forvaltning innan 2010. Dette var ei satsing med kopling til andre nasjonale mål for miljø- og kulturminneforvaltninga, og Den europeiske landskapskonvensjonen. Landbruks- og matdepartementet og Miljødepartementet gav i 2006 fagetatane sine - i dag landbruksdirektoratet, miljødirektoratet og Riksantikvaren - eit oppdrag basert på dette miljømålet.

Ordninga kom så på plass i 2009, med i alt 22 område, fordelt med minst eitt område per fylke. I 2017 og 2018 kom det til 19 nye område. Det er eit mål å få med totalt 46 område innan 2020. I Telemark var områda Jomfruland og Stråholmen med frå start, medan Hjartdal og Svartdal blei innlemma i 2017.

Føremålet er å sikre langsiktig forvaltning av eit utvalt landskapsområde med sær store biologiske og kulturhistoriske verdiar som er forma av langvarig og kontinuerleg tradisjonell bruk.

Det grunnleggjande for utveljinga av områda er:

- at dei i størst mogleg grad skal omfatte kulturlandskap i jordbruket med sær store verdiar knytt til både naturmangfald og kulturhistorie
- at det skal vera realistisk å få til langsiktig drift, skjøtsel og vedlikehald

Andre kriterium som er vektlagt er:

- heilskap
- kontinuitet og «tidsdjupne»
- anten representativitet eller særpreg
- formidlingsverdi

Når det gjeld representativitet er det lagt vekt på at områda skal ha ei geografisk spreining som så langt som råd dekker ulike landskapstypar og driftstilpassingar. Dei store variasjonane i det norske landskapet gjer dette til ei utfordring i seg sjølv. Formidlingsverdien er viktig, da UKL generelt er meint å gje ålmenta kunnskap om og opplevingar knytt til jordbrukshistoria vår og samstundes vera ein ressurs for verdiskaping for eigar/brukar. Dei skal også fungere som referanseområde for forvaltning og forskning knytt til tradisjonelle jordbrukslandskap.

## 1.2 Målgrupper for forvaltingsplanen

Forvaltingsplanen er utarbeidd av styret for det utvalde kulturlandskapet i Hjartdal og Svartdal, og er eit grunnlag for planlegging av tiltak og bruk av verkemidlar som kjem gjennom UKL-ordninga. Styret vil med forvaltingsplanen i botn prioritere ulike innsatsområde og tiltak frå år til år.

Ved sida av å vera ein rettleiar er forvaltingsplanen også meint å vera til informasjon for alle som har interesser i området, det vera seg tilsette i kommuneadministrasjonane, gardbrukarar, andre innbyggjarar, hytteeigarar, lokale organisasjonar og verksemdar. Ein har lagt vekt på å få fram status på dei ulike felte kulturlandskap omfattar, og gje eit samla oversyn over utfordringar og aktuelle tiltak.

## 1.3 Organisering av ordninga

Føresegn for Utvalde kulturlandskap i jordbruket og verdsarvområda Vegaøyen og Vestnorsk fjordlandskap blei gjort gjeldande frå 01.01.2017.

Det er Landbruksdirektoratet som leier og administrerer ordninga, men ein samarbeider tett med miljøforvaltinga - både Miljødirektoratet med omsyn på naturmangfald og Riksantikvaren med omsyn på kulturminnevern. Regionalt er det Fylkesmannens landbruksavdeling som leier arbeidet, lokalt er det kommunane. Føresegna er under revisjon. Det blir arbeidd med ein modell frå 2020 som gjev kommunen ei større rolle i samband med forvaltinga av ordninga.

Tilskottsordning og strategiar skal utformast lokalt. Det er eit mål å finne innsatsområde som høver godt for det utvalde kulturlandskapet og dei utfordringane ein har lokalt. Samstundes er det viktig å finne gode grensegangar mot andre relevante tilskottsordningar, så som spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL) og Regionalt miljøprogram (RMP) på landbrukssida og Truga naturtypar (TN) på miljøside.

Eit interimsstyre med to representantar frå politisk nivå i Seljord og Hjartdal, to representantar frå kommunen sin administrasjon, to representantar frå næringsorganisasjonane og ein frå kvar av grendelaga; Kulturlandskapsgruppa i Hjartdal og Svartdal grendelag. I tillegg bidreg Fylkesmannen (landbruk og miljø) og Fylkeskommunen inn i organisering og forvaltingsarbeidet. Rolleavklaring mellom forvaltingsnivåa fram mot 2020 vil legge premissane for korleis arbeidet blir organisert i dei utvalde kulturlandskapsområda.

## 1.4 Tilhøvet til kommuneplanen

Kommuneplanen sin arealdel legg rammer for den fysiske utviklinga og denne skal leggest til grunn i alle plan- og byggesaker. Aktuelle lovverk i denne samanhengen er plan- og bygningslova, jordlova, naturmangfaldlova og kulturminnelova. Desse gjeld uavhengig av statusen områda har som utvalt kulturlandskap. Forvaltningsplanen er difor ikkje eit juridisk dokument for arealforvaltninga. Den kan gjennom sin status som UKL område vise til dei heilskaplege verdiane og såleis grunnje arealbruken.

Utvalt kulturlandskap skal være eit levande landskap, som brukar fortida som retning på framtidens val. Desse landskapa er sårbare for endringar som ikkje spelar på desse kvalitetane. Både ein

kommunedelplan, ein områdeplan eller omsynssone er måtar kommunane kan nytte arealdelen til å gje føringar for arealbruken som både varetek verdiane og bidreg til ei ynskja utvikling.

## 2. Områdeskildring

### 2.1 Det utvalde kulturlandskapet

Det utvalde kulturlandskapet er grannebygdene Hjartdal og Svartdal i kommunane Hjartdal og Seljord i Øvre Telemark. Det høyrer til landskapsregionen *Dal- og fjellbygder i Telemark og Aust-Agder*, og jordbruksregionen *Sør-Noregs dal- og fjellbygder*.

Hjartdal og Svartdal har ein mangfaldig landskapsmosaikk, med eit stort innslag av eldre kulturmarkstypar. Området er kjend på nasjonalt nivå for mengda og tettleiken av ugjødsle og artsrike slåttemarkslokalitetar. Styvingstre av særleg ask og alm er å finne både i hamner og i haustingsskog i meir ulendt terreng, samt spreidd langsmed steingardar og i røyser i innmarka. Generelt er landskapet frodigare enn det ein ventar å finne så høgt over havet og langt inn i landet. Dei bratte sørvende liene og stadvis kalkhaldig berggrunn er noko av bakgrunnen for dette. Ved sida av det store biologiske mangfaldet er det også store kulturminneverdiar i området, både i form av bygningsarv og strukturar i landskapet. Steingardar, bakkemurar, røyser og gamle ferdselsvegar mellom bygd og fjell er døme på dette.


Det aktive og allsidige landbruket er ein stor styrke i området, med eit spekter frå samdrifter med mjølkeku til mindre sauebruk. Det er per 2018 om lag 200-250 innbyggjarar i Hjartdal Nordbygd og ca 80 fastbuande i Svartdal. Det er ikkje store hyttefelt innanfor avgrensinga, men området er like fullt eit nærområde og delvis også gjennomfartsområde for hytteturisme elles i dei to kommunane og vestover mot Rauland. Koplinga til den komande "*Opplevingsvegen om Nutheim*" vil bli viktig i samanhengen.

Avgrensinga samsvarar med avgrensinga området fekk under «Nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap» frå 1994. Avgrensinga for UKL-området fylgjer av kommunestyrevedtak i Seljord og Hjartdal, omsynsvis 9.02.17 og 10.02.17. Området er med noverande avgrensing på omlag 34 000 dekar, og er blant dei største utvalde kulturlandskapa, med dei fordelar og utfordringar dette inneber.





Figur 2. Hjartdal og Svartdal UKL ligg i Øvre Telemark, i Svortes dalføre. Ute ved kysten ligg det andre utvalde kulturlandskapet i Telemark per 2018, Jomfruland og Stråholmen UKL.



Figur 3. Avgrensinga av Hjørdal og Svartdal UKL slik den ligg inne i Naturbase.

## 2.2 Kvifor eit utvalt kulturlandskap?

Det var kombinasjonen av høgt biologisk mangfald og store kulturminneverdiar som gjorde at desse to bygdene fekk den spesielle statusen som eit større heilskapleg kulturlandskap av nasjonal verdi under Nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap (Direktoratet for naturforvaltning 1994). Mykje av den tradisjonelle småskala landskapsmosaikken er enno intakt, med små teigar og stor variasjon. Det er eit sjeldsynt stort innslag av eldre og artsrike kulturmarktypar som naturbeite, slåtteenger og ulike typar område med styvingstre. I tillegg kjem dei mange kulturminna i form av bygningsarv, steingardar, gamle driftevegar og andre spor etter det før-industrielle landbruket.

Hjartdal og Svartdal er i dag å rekne som marginale landbruksbygder, men kan trass i dette skilte med eit særst oppegåande og beitebasert landbruk med potensiale til å ta vare på kulturmarka og kvalitetane knytt til denne også på lengre sikt.

Sist, men ikkje minst, er det ei kjend sak at ein har arbeidd med ivaretaking og formidling av verdiar knytt til kulturlandskap i desse bygdene over eit par tiår alt. I starten av 2000-talet hadde ein to parallelle treårige kulturlandskapsprosjekt i Hjartdal og Svartdal, både med fokus på informasjonstiltak, restaurering og skjøtsel. I kjølvatnet av dette kom Eldhusprosjektet (2004-2006) der ein arbeidd med verdiskaping med utgangspunkt i kulturlandskap. Telegardar og Kulturlandskapsenteret i Telemark AS er både konkrete resultat av dette prosjektet. Alt i alt har Hjartdal og Svartdal alt som skal til for å vera blant dei nasjonalt utvalde kulturlandskapa.

## 2.3 Status med omsyn til aktivt landbruk

Dersom ein ser Telemark under eitt, kjem Hjartdal kommune særst godt ut på landbruksstatistikken. Her er ein nest størst på tal produsentar (mjølkeproduksjon), og her har ein flest einingar med sauehald. Landbruket i Hjartdal Nordbygd veg mykje i denne samanhengen. For å ta vare på kulturlandskapet med dei kvalitetane som er her i dag, er det avgjerande at ein greier å halde oppe mangfaldet av små og mellomstore einingar. Ikkje minst er det viktig at det framleis vil vera både storfe- og småfehald i bygdene. I og med at det er bratt og småkupert og ikkje så mykje lettdrive areal i området, er grovfôrtilgangen ein avgrensande faktor. Dei ulike næringane må såleis ta omsyn til og gje rom for kvarandre.

Det er den aktive og allsidige landbruksdrifta som er fundamentet for dei høgt verdsette kvalitetane ein finn i kulturlandskapet i Svartdal og Hjartdal Nordbygd i dag. Utan den omfattande beitinga og fôrhaustinga i inn- og utmark ville ein ikkje hatt det varierte og særmerkte landskapsbiletet, med det store biologisk mangfaldet. Bygningsarven og andre faste kulturminne som vitnar om gamle dagars landbruksdrift og levevis ville heller ikkje ha vore så synlege i terrenget.



*Figur 4. Sauer på beite på Sud-Hovland i Hjartdal. Sud-Hovland er ein gamal gjestgjevargard. Den ligg fint til i eit gamalmodig og samstundes levande kulturlandskap, med aktivt dyrehald både på eigen gard og på grannegardane. Foto: Ivar T. Dahl.*



*Figur 5. Kyr frå Teleros samdrift, Hjartdal. I samband med bygging av samdriftsfjøset blei det rydda fram att mykje gamalt beitelandskap i området. Området eignar seg godt for å ta i mot grupper, både med tanke på utsyn, møtelokale i fjøset og kombinasjonen av gamalt og nytt. Foto: Ingvill Garnås.*



*Figur 6: Mohairgeiter i tunet på Midt-Svartdal. Foto: Bjørg Minnesjord Solheim*

Det er eit generelt utviklingstrekk for norsk landbruk i dag at det blir stadig færre aktive bruk og meir leigejord. Ei av utfordringane med dette er at areala utanom den mest lett drivne åkerjorda («traktorjorda») etter kvart går ut av hevd og gror att. Dei få som driv aktivt og har mykje tilleggsjord kan vanskeleg syte for at alle *kantsonene* også blir slegne og/eller beitt. Dette handlar litt om lønsemd og mykje om kapasitet. I nokre tilfelle, der det er kartlagt særskilt artsrik eng i kantane mot dyrka mark, blir det gjeve tilskott til tilpassa skjøtsel (inga gjødsling, sein slått etc.). Dette har for Hjartdal og Svartdal UKL sin del bremsa noko på den negative trenden med at kantsoner gror att. Det er like fullt også her ei generell utfordring å halde kantsoner i hevd. Dette bør ein bite seg merke i, da det er nettopp i kantsonene til dyrka mark at både dei biologiske og dei kulturminnemessige verdiane ofte er å finne.

*Samdrifter* er for mange einaste måten å få til vidare gardsdrift kombinert med arbeid utanom gardane. Utan samdrifter ville det på sikt truleg bli liten eller kanskje ingen mjølkeproduksjon att i såkalla «marginale» landbruksbygder som her. Samdriftene som til no er oppretta er førebiletleg og godt plasserte i tilknytning til gamle beiteområde, og har ført til at mykje gamalt kulturlandskap er blitt opna opp og rydda fram att. Det som på sikt kan bli ei utfordring, er å halde kulturmarka på gardane som er med i samdriftene i hevd. Dette blir til dels løyst ved at ein sender ungdyr frå samdrifta på «heimebeite», eller at partane har beitedyr utanom samdrifta, eller at dei har avtaler med andre gardbrukarar om bruk av beita. Ved vidare drift av eksisterande samdrifter og ved etablering av nye, bør hevd av kulturmarka på «*heimeareala*» vera eit uttalt mål. Ein bør gå inn for å finne stabile løysingar, anten ein satsar på eigne dyr eller inngår avtaler med andre.

## 2.4 Status med omsyn til biologiske verdjar

Det er i grannebygdene Svartdal og Hjartdal Nordbygd eit uvanleg stort innslag av eldre og artsrike kulturmarkstypar. Mengda og tettleiken av lokalitetar med *slåttemark* eller *styvingstre* - i hevd eller under restaurering - skil seg ut både i regional og nasjonal samanheng. I tillegg kjem artsmangfaldet knytt til *rike skogtypar* inn. Mosaikken av eldre kulturmarkstypar og rike skogtypar, og glidande overgangar mellom desse, utgjer grunnlaget for det sær høge biologiske mangfaldet i området. Dette er lagt til grunn for at desse to områda er gitt høgaste verdi på biologisk mangfald under Miljødirektoratet si tilstandsvurdering av nasjonale verdifulle kulturlandskap i 2016.

### *Slåttemark*

Status: Det er per 2018 registrert artsrik slåttemark på heile 29 gardsbruk i området. Det er frå 1-5 enger på kvart bruk. Totalt er det 62 mindre og større engareal med artsrik slåttemark i området. Per 2018 har 26 av dei 29 gardsbruka fått skjøtselsplanar og skjøtselsavtale for slåttemarkene, noko som tyder at dei blir haldne i hevd. Lokalitetane ligg i Naturbase (kan visast i [gardskart.no](http://gardskart.no)).

I forvaltningssamanheng er Hjartdal og Svartdal særleg kjend for dei mange og tette førekomstane av naturtypen slåttemark. Dette er den gamle typen slåtteeeng, som var ugjødsle «natureng» og som blei slege noko seinare utpå sommaren enn no. Det er ein av dei mest artsrike naturtypene me har. Det me kjenner som «blomeenger» er ofte restar av tradisjonelle slåtteeengflora. - Kvifor er slike enger så artsrike? Kva skil dei frå dyrkamark og beitemark? Og kvifor er det så viktig at dette blir teken vare på? Dette er det mange og jordnære forklaringar på:

- Dei slo seint på sommaren i gamle dagar. Slik rakk alle artane å frø seg. På primstaven finn me "Knut med ljåen" den 10. juli. Dei hadde i tillegg mykje å fara over i bygd og fjell, og slåtten varte langt utover hausten.
- Medan arts-samansetjinga i eit beite er påverka av type beitedyr og kva dei føretrekkjer, er «alle like for ljåen». Slåtteeng har t.d. større innslag av velsmakande urter og artar som ikkje toler så godt trakk.
- Sist, men ikkje minst, heng artsrikdomen saman med nærings situasjonen: Slåtteengene var frå gammalt av (til innpå fyrste halvdel av 1900-talet) for ein stor del ugjødsla. Dette kom seg av at gjødsel var ein minimumsfaktor, og matjorda (kornåkeren/potetåkeren) måtte prioriterast. Når alt stadig blir henta ut og ingenting tilført, får ikkje storvaksne og konkurransesterke artar sjansen til å overta og dominere, slik dei elles ville gjera. Ved opphøyr av slått eller gjødsling går artsmangfaldet derimot raskt ned.

Dei tradisjonelle slåtteengene er levande kulturminne, og viktige for opplevinga av bygdlandskapet vårt. Avkastinga er sjølv sagt lita i samanlikning med gjødsla og fulldyrka eng, sjølv om den næringsmessige kvaliteten er høg («medisinhøy»).



*Figur 7. Slått av ekre (jorde lagt om til eng) på Sud-Århus i Hjartdal. Over tid har mange ekre utvikla dei same kvalitetane og artsrikdomen som dei «ekte» slåtteengene. Hovudelementa er inga gjødsling og sein slått. Håslått og/eller haustbeite er også positivt for å betre tilhøva for dei slåttemarkstilknytte artane. Foto: Anne O. Haugan.*



*Figur 8. Vårflora med systemmarihand og blåfjør på slåttemark på Ambjørndalen i Hjordal. Dette er ein av mange lokalitetar med den slåttemarkstilknytte og raudlista orkideen systemmarihand i Hjordal og Svartdal UKL. Foto: Ingvill Garnås.*

For artsmangfald knytt til slåtteenger er det elles ei stor føremon at det ligg fleire lokalitetar i nærleiken av kvarandre. Dette har med samspelet mellom plante- og insektliv og moglegheitene for krysspollinering å gjera. Denne typen «sune landskap» er viktige for ivaretaking av pollinerande insekt, og fungerer også som ein levande genbank for utvikling av landsortar. Ivaretaking av genetisk variasjon og lokale tilpassingar skjer best "in situ" (på staden), og er avhengig av rett skjøtsel. Dette er særleg viktig å ta vare på med tanke på klimaendringar. Slike område kan også huse større og meir robuste bestandar av spesielt krevjande og sjeldne artar.

Oppdatert informasjon om skjøtsel og restaurering av slåttemark finn ein i ny rettleiar for slåttemark gjeve ut av Miljødirektoratet i 2018, sjå litteraturliste.

### ***Kulturmarkstypar med styvingstre (haustingsskog, hagemark, lauveng)***

Status: Det er per 2018 utarbeida skjøtelsplan og avtale for i alt 8 lokalitetar med styvingstre i Hjordal og Svartdal (7 gjeld Hjordal og 1 Svartdal). Heile 7 av dei 8 lokalitetane ligg i/inn mot den tronge Ambjørndalen. Dei fleste av desse områda er per 2016 ikkje lagt inn i Naturbase som eigne avgrensa naturtypelokalitetar, og er difor heller ikkje moglege å få fram i gardskart.no. Unntaka er eit par lokalitetar som er lagt inn som naturtypene lauveng og hagemark.

Det er mange lokalitetar med styvingstre i Hjordal og Svartdal, dvs. tre som er kapp til for å kunne gi mest mogleg fôr i form av greiner med lauv eller ris. Borken på greinene blei også nytta til fôr. Styvingstrea blei i dette området tradisjonelt lauva (kylt) om lag kvart 5. år. Styvingstre blir gamle, og er viktige for ivaretaking av biomangfald knytt til gamal og daud ved, både innanfor sopp, mose, lav, insekt- og fugleliv.

Styvingstrea er å finne både som spreidde einskildtre og i større samlingar innanfor naturtypane haustingsskog og hagemark. Det kan vera glidande overgangar mellom haustingsskog i blokkrikt terreng til hagemark der feltsjiktet er å rekne som beite. Der ein finn styvingstre i hagemark i dag, var det mange stader i tidlegare tider i praksis lauveng (slåttemark med styvingstre, ev. berre vår- og haustbeite).

Oppdatert informasjon om skjøtsel og restaurering av haustingsskog (med styvingstre og/eller stubbeskotskog) finn ein i ny rettleiar for haustingsskog gjeve ut av Miljødirektoratet i 2018, sjå litteraturliste.

### *Rike skogtypar*

I Ambjørndalen er det to store naturtypelokalitetar knytt til skog. Langs heile nordsida av dalen er det ein stor A-lokalitet av rik blandingsskog i låglandet. Denne omfattar også eit lite verneområde, Ambjørndalen naturreservat. Dette blei oppretta i 1978. «*Formålet med fredningen er å bevare en forekomst av alm-lindeskog med innslag av gråoraskeskog ved grensen for disse skogtypenes utbredelsesområde*». På sørsida av dalen er det ein stor A-lokalitet av rik



*Figur 9. Styvingstre av alm i lauvingslia på Myljom-To i Hjartdal. Foto: Ingvill Garnås*





*Figur 10. Eit restaurert styvingstre ved Skogsåe på Ambjørndalen i Hjartdal. Frå venstre trepleiar Jan Anders Haugland, fagperson Leif Hauge og tradisjonsberar Olav Tho, foto teke under synfaring og opplæringsopplegg for trepleiar. Det er fint å kunne leige inn profesjonell hjelp til dei vanskelegaste og mest farefulle eksemplara å restaurere, men den tradisjonelle og faglege kunnskapen må med. Foto: Ingvill Garnås*

barskog. I begge desse områda er det førekomstar av gamle styvingstre. Desse har tidlegare stått i meir open hagemark, men med glidande overgangar til lauveng (der ein både slo og lauva) og haustingsskog (der det var mest blokkmark og lite beitegrunnlag i feltsjiktet). I dei sørvest-vende lisidene i Svartdal er det også fleire viktige naturtypelokalitetar knytt til skog. To større område er i Naturbase registrert som rik blandingskog i låglandet og eitt er registrert som rik edellauvskog. I to av desse områda er det førekomstar av gamle styvingstre.

Berggrunnstilhøva og det gunstige klimaet gjer sitt til at skogen i området generelt har store verdiar på landskapsnivå. Dei gamle styvingstrea er gjerne dei som sikrar kontinuiteten. Dei husar mellom anna mange krevjande edellauvskogsartar knytt til daud ved og gamle tre med grov bark. Desse miljøa utgjer den inste grensa i regionen for mange varme- og basekrevjande artar. Skjøtselsplanane for dei ulike typene område med styvingstre ligg delvis innanfor og delvis i nær tilknytning til det som i Naturbase er avgrensa som rik blandingskog i låglandet.

### **Naturbeitemark**

Naturbeitemark grasmark med langvarig hevd i form av husdyrbeite, og ingen eller liten grad av gjødsling og jordbearbeiding. Naturtypen naturbeitemark er utbreidd i området, utan at det er gjort noko grundig kartlegging eller laga skjøtselsplanar innanfor denne kategorien. Både Hjartdal og

Svardal er enno aktive landbruksbygder med mykje husdyr. Per 2018 er det i Svartdal registrert to naturbeitemarklokalteter i Naturbase, den eine med klar A-verdi. Forvaltingsplan for jordbrukets kulturlandskap i Nordbygda med Ambjørndalen frå 1996 peikar også ut nokre kjerneområde med artsrik beitemark/hagemark, men mykje kan ha endra seg sidan den gong. Det er på generelt grunnlag godt mogleg at mykje av beitemarka som er i hevd kunne ha vore registrert som naturbeitemark.

### *Sørvende berg og rasmarker*

I Svartdal er det også registrert eit større område med sørvendte berg og rasmarker. Dette er vurdert til å nærme seg ein A-lokalitet grunna særst høgt artsmangfald både på karplanter, sopp og insekt (mellom anna mange sommarfuglartar på raudlista).

### *Artsrik vegkant*

Utover alt som no er nemnt kjem også nokre innslag av artsrik vegkant. Dette er ikkje kartlagt eller laga særskilde skjøtselplanar for.

Mange artar står i fare for å forsvinne etterkvart som det blir stadig færre slåtteenger og avstandane mellom dei aukar. Dette har mellom anna med moglegheiter for spreining av frø og såkalla krysspollinering («utavl»). Vegkantar kan vera viktige nye tilhaldsstader og «korridorar» for slåttemarkstilknytte artar, om dei er skjøtta på rette måten.

Både Svartdalsvegen og Holmsvegen har vegkantar som delvis er urterike med slåttemarkstilknytte artar. Desse kunne med fordel ha vore kartlagt nærare og laga skjøtelsplanar for, eventuelt i samråd med vegeigarar og entreprenørar.



Figur 11: Systemarihand (*Dactylorhiza sambucina*) er ein sjeldan orkidé og Telemark sin fylkesblom. Blomen er avhengig av ugjødsla slåtteeengar og beitemark. Ikkje plukk blomen! Han er freda og må få stå i ro der han veks! Foto: Fylkesmannen i Vestfold og Telemark

## 2.5 Status med omsyn til kulturminneverdiar

I kulturlandskap av det slaget ein finn i Hjartdal og Svartdal, heng dei biologiske verdiane og kulturminneverdiane tett saman. Til dømes er mykje av *bygningssarven* knytt til eldre dagars omfattande bruk av ressursar i inn- og utmark.

### *Freda og verneverdige bygningar*

Våningshus og forseggjorte loft og stabbur får ofte mykje fokus i kulturminneforvaltninga. Det er også blant desse me finn dei freda bygningane, men mange andre gamle hus i området er verneverdige. Ulike typar uthus som stallar, fjøs, låvar og løer i inn- og utmark er generelt mindre påakta, men i kulturlandskapssamanheng er desse minst like viktige. Dei ber vitne om ein anna bruk av landskapet, frå den gongen naturressursane var det ein hadde. Mange av dei er å rekne som verneverdige. Andre bygningstypar frå sjølvhushaldet si tid høyrer også med i denne samanhengen, så som badstoger (lokal nemning er «kjoner»), kverner, stamper, sager og smier. I mange tilfelle er berre tuftene att.

Freda kulturminne kan anten vera vedtaksfreda eller automatisk freda. Eit *vedtaksfreda kulturminne* er freda gjennom særskilt vedtak for det einskilde kulturminnet. Eit *automatisk freda kulturminne* er freda direkte gjennom Kulturminneloven eller Svalbardmiljøloven, utan særskilt vedtak. Desse kulturminna er automatisk freda:

- faste kulturminne frå før reformasjonen (1537)
- erklært ståande byggverk med opphav frå perioden 1537–1649
- samiske faste kulturminne eldre enn 100 år (ikkje relevant i denne samanhengen)
- faste og lause kulturminner på Svalbard frå før 1946, i tillegg er det vedtekter for einskilde typar kulturminner, sjå Svalbardmiljøloven (ikkje relevant i denne samanhengen)

Det er fleire vedtaksfreda loft i Hjartdal Nordbygd, i tillegg til to loft som er automatisk freda (Risvoll-loftet på Holm Østre og vesleburet på Sud-Åbø). Heile gardsanlegget på Sud-Åbø blei mellombels freda i 1995, og endeleg freda i 2017.

<b>Gnr.</b>	<b>Bnr.</b>	<b>Gardsnamn</b>	<b>Hustype</b>	<b>Merknad</b>
2	2	Tho Øvre	Loft	Seint 1700
3	3	Tho Nedre	Loft	Seint 1700
5	1	Åbø Nedre	Loft	Tidleg 1800
6	1	Åbø Nordre	Loft	Seint 1700
6	3	Åbø Søndre	Heile gardsanlegget	I alt 8 bygningar, inkl. loft frå 1700-tal og bur frå før 1350
11	1	Hovdejord Nordre	Loft	Seint 1700
12	5	Holm Østre	Loft	Før 1350, Risvoll-loftet, stod opphavleg på Risvoll
16	2	Bekkhus	Loft	Seint 1700

Tabell 1. Oversyn over freda bygningar i Hjartdal Nordbygd. Det er ingen freda bygningar i Svartdal.



Figur 12. Loft og veslebur på Sud-Åbø, med fjøs og låve i bakgrunnen. Heile gardsanlegget på Sud-Åbø er freda. Med unntak av stall har tunet alle dei tradisjonelle bygningstypene. Vesleburet har kapiteldyr på beitskiene, og er gjennom segn knytt til stavkyrkja som blei riven i 1809. Åbø-bonden skal i si tid ha kosta bygginga av kyrkja. Foto: Ingvill Garnås.

Oversyn over freda bygningar er å finne i Riksantikvarens innsynsløysing [www.kulturminnesok.no](http://www.kulturminnesok.no). I databasen Askeladden er i tillegg SEFRAK-registeret med alle bygningar eldre enn 1900 med. Dette er også å finne på kvar einskild eigedom på [www.seeiendom.no](http://www.seeiendom.no). For Svartdal er vel og merke ikkje SEFRAK-registreringane digitalisert enno, men er å finne i papirutgåver.

### ***Kulturspor i terrenget***

I tillegg til bygningsarven kjem alle *dei fysiske kulturspora i landskapet*. Blant dei viktigaste faste kulturminna knytt til eldre dagars landbruksdrift kan ein nemne;

- eldre ferdselsveggar mellom gard og utmark / bygd og fjell, både buferdsveggar og fôrveggar/vintervegar
- rydningsrøyser og bakkemurar
- steingardar og fegater (lokale nemningar er «gutu» i Hjartdal og «gotu» i Svartdal).

Kulturmarka i Hjartdal og Svartdal er generelt rik på innslag av både røyser og bakkemurar, og det er mange stader steingardar mellom teigane. Desse kulturminna er i ulik forfatning og til dels vanskelege å få auge på. Det er trong for å lyfte desse strukturane og kulturminna meir fram i dagen.

Når det gjeld ferdselsveggar er den beste ivaretakinga framleis bruk. Bygdefolk må ha ei interesse av at dei blir tekne vare på og haldne opne for at det skal halde seg i lengda. Samarbeid med bornehage, skule, idrettslag eller andre lokale lag er avgjerande for at ein skal greie å halde medvit og interessa oppe for rydding og vedlikehald av nokre av desse ferdselsårene. Tilreisande og turistnæring kan i neste omgang også nyte godt av tilrettelegging som kart, skilting/merking og informasjonstavler. Dette har ein alt greidd å få til nokre tilfelle, men det er trong for ein heilskapleg gjennomgang og ei koordinering av tiltaka.



*Figur 13. Nennsamt mura røyser på Sud-Barstad i Svartdal. Foto: Ingvill Garnås.*



*Figur 14. Steingard mellom Sud-Hovland og Bratsberg i Hjartdal, restaurert under eit kurs i regi av Kulturlandskaps-senteret i 2012. Foto: Ingvill Garnås*



*Figur 15. Skuleelevar på tur opp Grøpåstadgutu. Kulturlandskapsgruppa i Hjordal rydda og skilta denne i seinare tid. Den tida gutu kom på plass var det ikkje granskog her, men eit ope landskap med enger og åkerlappar i kring. Det er fleire tufter etter husmannsplassar langsetter denne buferdsvegen. Foto: Ingvill Garnås.*

### *Fornminne*

Det eldste laget i eit kulturlandskap er det *fornminna* som står for. Dette kan til dømes vera spor etter gamle buplassar/gardsanlegg (byggningsplattformer, eldstader, mura brunnar, fossile åkrar), gravfelt/gravhaugar, kolgroper eller fangstanlegg.

Ein veit ikkje med sikkerheit når bygdene blei busette. Frå Breivatn i Hjartdal er det funne spor etter jarnvinning så langt attende som eldre jarnalder. Ein kolbit blei nyleg datert til ca. 50 f. Kr. ved C14-metoden. Dette funnet ligg utanfor avgrensinga av Hjartdal og Svartdal UKL, men det er naturleg å sjå litt større på samanhengane når det gjeld busetjing.

Det eldste fornminnefunnet innanfor Hjartdal og Svartdal UKL, er elles eit «lausfunn», eit perlebandsmykke på Lislero datert til folkevandringstid (400-550 e. Kr., slutten av eldre jarnalder). Det er registrert tre gravfelt datert til bronsealder-jarnalder på Dyssjå og eit tilsvarande felt på Klokkarmyra i Hjartdal. To gravhaugar frå same epoke er registrert ved Hauganmoen (Kjempehaugen) og på Sud-Flatland.

På Sud-Hovland er det funne eit gardsanlegg, og i nærleiken ei grav frå yngre jarnalder, nærare bestemt vikingtid og ca. 900 e. Kr. Her fann ein mellom anna ei øks, eit sverd, ei perle frå eit smykke og restane av ei karde (til å karde ull med). Ei vevskei tidfesta til same epoke er funne utanom grava. Desse funna er kanskje ikkje så originale i seg sjølve, men dei gjev oss likevel konkrete og klåre bilete av livet i dette landskapet for over 1000 år attende.

På Nord-Skaret i Svartdal i 1930-1940 åra vart det funne ein pilspiss, den er i grå skifer og stadfesta av Oldsakssamlinga til yngre steinalder. Dette er vurdert til eit sjeldan funn. Det er truleg funne av jegerar som streifa forbi (pers. med. Arne Aase).

Skarsvegen frå Barstadbrua i Svartdal til Fossheim i Åmotsdal er ein gamal ferdselsveg der ein m.a. frakta jernmalm frå Møsstrond til Austlandet. Skarsvegen er eit nasjonalt verneverdig kulturminne. Vegen er ein del av Statens vegvesen sin «*Nasjonalt verneplan for vegar, bruer og vegrelaterte kulturminner*» der målsetjinga er å ta vare på vegen som eit representativt eksempel på ein køyreveg frå 1800-talet. Vegen har ligge meir eller mindre uendra sidan han gjekk ut av bruk som hovudveg omkring 1870.

### *Sogelandskap – Segnstader i landskapet*

Det er ein uvanleg rik segn- og sogetradisjon i området, og mange av historiene knyter seg direkte til stader i landskapet. Døme på dette er den store steinen ved Risvold i Hjartdal, som trollkjerringa Gunne kasta i raseri over den mislukka friarferda til sonen. Ho datt på baken etter kastet, og sette eit stort søkk i Mælefjell etter seg. Dette søkket heiter Gunnegrov. Andre gode døme er segna om Dale-Ambjørn og ikkje minst saga om bondeopprøret i 1540.

Mange av segna og sogene blei notert ned av presten og folkeminnesamlaren Magnus Brostrup Landstad. Det er også skrivne ned og gjevne ut mykje i seinare tid, mellom anna av Trygve Nes og Ivar T. Dahl.



## 2.6 Status med omsyn til formidlingstiltak

### *Frie opplevingstilbod*


Med frie opplevingstilbod meiner me her tilrettelegging for opplevingar i former som ikkje krev noko form for fast bemanning. Dette er til dømes informasjonstavler, tilrettelagte stig- og sykkelvegnett og nettbasert formidling.

### *Infotavler*

Per 2018 er det tre tavler med turistinformasjon innanfor området, samt ei tematavle om kulturlandskap. Turistinformasjonstavlene er i varierende forfatning og treng ei oppdatering og ei samkøyring. UKL sin profilbank for skilt skal leggast til grunn med ein samkøyring av skilt i området.



*Figur 16. Turistinformasjonspunkt ved Bygdesentralen (oppe t.v.), i vestre del av Ambjørndalen (oppe t.h.), ved Hjartdal kyrkje (nede t.v.) og i Svartdal (nede t.v.). Ved Hjartdal kyrkje er det ei tavle med vanleg turistinformasjon og ei tavle med kulturlandskapstema.*



Figur 17. Kulturlandskapstavla ved Hjartdal kyrkje blei sett opp i 2012. Den er framleis i god stand.

## Stigar

Det er per 2018 fylgjande tilrettelagte stignett i området:

- **Gullstigen.** Merka stig mellom Hjartdal og Svartdal, frå To i Hjartdal med forgreining til Egderudfossen og Bygdesentralen i aust. Stigen går forbi Blika gullgruver i Svartdal, med forgreiningar til Svartdalsgardane i sør og Barstadgrendi i vest og vidare til Skarsvegen.
- **Skarsvegen til Åmotsdal.** Tilrettelagt ferdseisveg med moglegheiter for å kople på via Gullstigen
- **Ambjørndalsstigen.** Hjartdal. Merka rundløype med infotavler om lokalhistorie og kulturlandskap.
- **Bispevegen.** Den gamle ridevegen gjennom Hjartdal og Svartdal. Delvis den same som Ambjørndalsstigen. Berre delvis rydda og merka.
- **Egderudfossen rundt.** Hjartdal. Merka rundløype og samband mellom sentrum i Nordbygda, Egderudfossen og Kyrkjeparken.
- **Grøpåstadgut.** Hjartdal. Merka stig med skilt og infotavler rett opp lia frå ein sving i Fosserudvegen litt vest for Kyrkjekrinsen skule.



Figur 18. Glimt frå Gullstigen, Ambjørndalsstigen og Grøpåstadgut. Foto: Ingvill Garnås.

## Sykkelvegar

Det er per i dag ikkje spesielt tilrettelagte sykkelvegar i Hjordal og Svartdal. I samband med Prosjekt Opplevingsvegen arbeider ein i skrivande stund med aktuelle trasear;

- Hjordal: «Panoramavegen» frå Gvammen via Øverbø til Nordbygda (langs eks. veg)
- Hjordal: «Innsidevegen» - veg på sørsida av elva frå Bruluten i Gvammen til Flatland i Nordbygda (stort sett lang eksisterande traktorveg).
- Svartdal: Sykkelveg frå rasteplassen i Ambjørndalen via Brudalen til Midt-Svartdal der det gamle skulehuset er tenkt plassert.

Desse vegane skal leggest til rette for syklistar med enkel skilting og mjølkerampe-liknande rasteplassar. I tillegg kjem noko utsiktsrydding, samt enkle oppgraderingar av vegane der ein ikkje fylgjer bilveg. Det blir også funne gode grindløysingar der ein går gjennom beite.

## Nettbasert formidling

Det blir i dag brukt mange former for digital formidling i museum og i samband med ulike typar turistinformasjon. Det er ikkje gjort noko heilskapleg på dette i Hjordal og Svartdal per i dag. I samband med det nasjonale prosjektet «Kultur- og naturreise» i regi av Riksantikvaren m.fl. utarbeida riktig nok Kulturlandskapsenteret i 2015 eit knippe digitale historier som skulle knytast opp mot ein «app», den såkalla «KN-appen». «KN-appen» blei aldri realisert frå sentralt hald, prosjektet stranda. Historiene frå prosjektet er likevel å finne på [www.digitaltmuseum.no](http://www.digitaltmuseum.no), under emneknaggane «kulturlandskapsruta og #hjordalsforteljingar. Det er hengt opp plakatar med QR-kodar til historiene på Bygdesentralen og infotavlene ved Hjordal kyrkje.

## Vertskap

Den beste forma for formidling er den som skjer i møte mellom menneske. Ingenting slår å ta inn på ein stad og få lokal mat og kultur servert direkte. Det er alt fleire på banen på dette feltet i Hjordal og Svartdal, og ein arbeider stadig med å veva det tettare saman. Viktige aktørar er:

- Telegardar - samanslutnad av fleire store og små tilbydarar innan overnatting, servering og ulike typar opplevingstilbod i Hjordal og Svartdal med grannebygder, inkluderer også husflid og handverkstradisjonar.
- Mytiske Telemark – samanslutning av aktørar som satsar spesielt på koplinga mellom landskap og kultur i møte med tilreisande (under utvikling, delvis overlapp med Telegardar).
- Nordbø gard & stule / Bjordalssetra – tek i mot gjester og sel gardsmat.
- Kulturlandskapsenteret – einaste faglege aktør på formidling av kulturlandskap i området, tek i mot grupper på bestilling i samarbeid med lokale gardbrukarar og aktørar (med i både Telegardar og Mytiske Telemark) og arrangerer frå tid til annan også utstillingar, kurs, temadagar og vandringer.
- Utvalde kulturlandskap/UKL-styret vil også drive med ulike typar formidling i samarbeid med kommunane og dei andre aktørane, så som informasjonskveldar og vandringer.
- Slåttefestivalen – årleg NM i ljåslått med eit breispektra kulturtilbod og vekt på lokale mat- og handverkstradisjonar.

### *Lokalkunnskap*

God formidling er avhengig av godt rotfeste. I den samanheng er det viktig at ein greier å halde tak i kultur- og naturarven også lokalt, og skape medvit og stoltheit. Nykkelen til dette ligg fyrst og fremst i å få til eit godt samarbeid med skule og bornehage. Kulturlandskapscenteret og Slåttefestivalen har over fleire år prøvd ut ulike former for formidlingsopplegg både i skulane og bornehagane i nærområdet.

Ein har lagt vekt på formidling av kunnskap på tvers av generasjonar. Dette er særskilt viktig i den tida me lever i no, i og med at det enno er besteforeldre som kan fortelje om gamle dagars bruk av landskapet - både nede i bygdene og innover fjellet. Den naturgjevne ressurstilgangen i landskapet, ulike former for hausting av vinterfôr, gamle ferdselsveggar og biologisk mangfald i kulturlandskap er blant tema born og unge har fått lære om i desse opplegga.

Informasjonsflyt og koplinga til lokalbefolkning er viktig. Her ligg det mykje kunnskap og kjennskap om landskapet, historier, bruk og liv. Møte mellom innbyggjarane og fagfolk, vandringar i landskapet med informasjon og nye måtar å kople dette saman på er viktig del av formidlinga.

### *Nettverk og prosjekt*

Det blir samarbeidd om formidling både gjennom faste nettverk som Telegardar og Mytiske Telemark, og meir tidsavgrensa prosjekt. Det mest aktuelle tidsavgrensa prosjektet i denne samanheng er prosjektet «Opplevingsvegen om Nutheim», der Hjartdal og Seljord kommunar i samarbeid med Telemark fylkeskommune og Statens Vegvesen ynskjer å legge til rette for ein turistveg utanom Mælefjelltunellen. Faun Naturforvaltning og Feste Grenland AS har prosjektleiinga. Prosjektet blir sett i samanheng med vidareutvikling av Telegardar og Mytiske Telemark. Prosjektet skal i samarbeid med lokale aktørar (arbeidsgrupper, lag og organisasjonar) levere på infrastruktur, så som tilrettelegging av sykkelveggar, stoppestader og ei felles utforming av ulike typar kjennemerke og skilt. I neste omgang blir det opp til lokalmiljøa å nytte dette i næringssamanheng, samt å finne måtar å halde alt ved like på. Det er viktig at UKL trer tydeleg fram som eit kjerneområde i denne samanhengen.

I tillegg blir det til ein viss grad arbeidd med å bygge bru til verdsarven/industriarven på Rjukan-Notodden. Hjartdal og Svartdal har landskapet og verktya som skal til med tanke på å formidle historia om «landbruket før og etter kunstgjødsla».

### *Film*

Interimstyret avgjorde tidleg våren 2017 at ein ynskjer å få laga ein dokumentasjonsfilm som fortel folk flest, som er målgruppa for filmen, at dette området er unikt med grunnlag i kulturminne, biologisk mangfald og eit samanhengande aktivt landbruk. Med filmen vil ein få vite meir om kulturlandskapet og området, og framtida og moglegheitene i desse landskapa.

Eldre filmar frå område er laga digitale og gjort tilgjengelege gjennom Videoarkivet (Videoarkivet.no). Desse gir også eit viktig bidrag inn i formidlinga av området; med folk, fe, tradisjonar og bruk.

## 3. Utfordringar

### 3.1 Generelle utfordringar

- **Økonomien i landbruket:** Hjartdal og Svartdal har som nemnt i statusdelen eit særst aktivt og oppegåande landbruk, til å vera såkalla marginale jordbruksbygder. Det er likevel her som i liknande bygder ei utfordring å skulle drive gardane med eit passe tal beitedyr i høve til arealressursane og samstundes måtte hente mykje av løna utanom garden. «Tidsklemma» er ein ikkje ubetydeleg faktor. I samband med generasjonsskifte blir dette valet tydeleg.
- **Mangel på kunnskap:** Det har vore mykje fokus på ivaretaking av både biologisk mangfald, bygningsarv og andre kulturminne i Hjartdal og Svartdal opp gjennom åra. Mykje er såleis kjent, men det er nødvendig å halde oppe engasjementet for at kunnskapen skal «feste seg». Dette handlar også om å fange opp dei nye og yngre gardbrukarane i bygdene.
- **Storleik:** Eit stort UKL-område som dette vil kunne gje eit heilskapleg bilete med mange kulturlandskapskvalitetar. Storleiken vil på ei anna side føre med seg mykje areal og mange grunneigarar. Det er trong for å jobbe mykje med informasjon om moglegheitene som ligg i det å høyre til i eit utvald kulturlandskap, og få til ei mobilisering blant grunneigarar og andre krefter som er interesserte i å bidra, det vera seg einskilde innbyggjarar, hyttefolk eller lokale lag og verksemdar.

### 3.2 Utfordringar med ivaretaking av biologiske verdiar

- **Attgroing, oppdyrking og utbygging:** Dei største og mest generelle trugsmlåa mot biologisk mangfald i landbruket er vanlegvis attgroing, oppdyrking og utbygging. For Hjartdal og Svartdal sin del er det fyrst og fremst opphøyr av bruk og attgroing som kan bli ei utfordring. Moglegheitene for oppdyrking er marginale, og vil normalt ikkje gå ut over særskilt viktige lokalitetar. Utbyggingspresset er heller ikkje stort. Både oppdyrking og utbygging vil også vera styrt gjennom planprosessar, slik at ev. konflikhtar vil bli fanga opp. Ei eventuell framtidig omlegging av E134 rett vest frå Gvammen via Svartdal og Åmotsdal kan - om vegen kjem og blir lagt i dagen - koma i konflikt med store landbruksmessige og biologiske verdiar.
- **Ivaretaking av «kvardagslandskapet»:** Det finst gode ordningar for oppfylgning av artsrike kulturmarkstypar, både når det gjeld kartlegging, utarbeiding av skjøtselsplanar og tilskott til skjøtsel. Dette blir fyrst og fremst forvalta av Fylkesmannens miljøvernaving og finansiert gjennom Miljødirektoratet si stønadsordning for Truga naturtypar. Fylkesmannens landbruksaving skøyter til med midlar til dei som har denne typen lokalitetar og samstundes kjem inn under aktivt landbruk (dvs. innfrir vilkår for å søke produksjonstilskott). For desse blir alt eller noko av midlane til skjøtsel dekt gjennom RMP-ordninga Dette er avhengig av storleiken på tiltaka og taka for tilskott i RMP. Mange lokalitetar med verdifull slåttemark og styvingstre (med fastsett A- eller B- verdi i Naturbase og/eller skjøtelsplan) i Hjartdal og Svartdal er alt fanga opp i desse ordningane per i dag. Det er på den andre sida vanskelegare å fange opp «kvardagslandskapet» og samanhengane mellom dei særskilt utpeika lokalitetane med A- eller B-verdi etter naturtypesystemet. Sjølv om dei aktuelle areala ikkje har særskilt høgt biologisk mangfald i seg sjølv, kan dei spela ei viktig rolle når ein ser landskapet under eitt.

### 3.3 Utfordringar med ivaretaking av kulturminneverdiar

- **Forfall/Riving/Fjerning:** Det er eit generelt problem at bygningsarv og andre kulturminne står og forfell. Årsaken kan vera at kulturminnet ikkje har ein praktisk funksjon i dag, kombinert med at det er kostbart å gjera tiltak. I somme tilfelle kan det også vera ei mangel på interesse. Når det blir for gale, kan det ende med at hus blir rivne, eller til dømes bakkmurar blir fjerna. Forvaltninga og ålmenta har ei interesse i at kulturminne blir ivareteke, men bør berre påverke på ein positiv måte. Det er få sanksjonsmoglegheiter på feltet, og særleg i tilfelle der det ikkje er snakk om freda objekt.
- **Attgroing (Å sjå kulturminne og landskap i samanheng):** Når gamle bygg blir omringa av kratt og skog, fell dei ut av samanhengen dei ein gong var ein del av. Både dokumentasjonsverdien og opplevingsverdien blir redusert. Etter kvart som dei går ut av syne, går dei også fort ut av sinn. Dei blir gløynde og ikkje tekne vare på. Forfallet går også reint fysisk fortare der det er tett med skog og fuktig mikroklima enn der det er ope og fritt kring veggane. Slik sett ville ein i mange tilfelle og av fleire årsaker vera tent med å sjå restaurerings- og skjøtselstiltak på kulturmark og bygningar meir i samanheng.
- **Byggeskikk:** Byggestil og reglar for husbygging/byggesak har endra seg mykje berre dei siste tiåra. Det er blitt eit større fokus på tilpassing av bygningar til terreng og tradisjonell bebyggelse/kulturlandskap. Bygningar og påbygg som går litt lenger attende i tid manglar i større grad ei slik tilpassing. I byggesakshandsaminga treng ein gode og tydelege rettleiarar å stø seg på både ved handsaming nye bygg og ombyggingar av hus i kulturlandskap. Dette er per i dag ikkje på plass.

### 3.4 Utfordringar med formidling

- **Planlegging og ansvarsfordeling kring infrastruktur:** Med omsyn til ulike typar infrastruktur (så som stigar, sykkelveggar, stoppestader, skilt og installasjonar i samband med dette) vil utfordringa ligge i å plassere ansvar for ettersyn og vedlikehald. Det er viktig at ting blir halde i orden og er presentable. Fallerte infotavler, attgrodde stigar og rotne skilt er ikkje god reklame. Både turistnæring og bygdefolk generelt bør ha ei interesse av at dette blir halde i orden. Den største utfordringa er å halde i ting over tid, syte for at nokon har oversynet;
  - **Samkøyring, vedlikehald og oppdatering av infotavler:** Innhald og utforming bør koplast mot og samordnast med kommunane sine informasjonsskilt, samt den planlagde opplevingsvegen, der Hjartdal og Svartdal UKL blir eit kjerneområde. Det bør moglegvis også lagast ei eiga «kulturlandskapstavle» i Svartdal, ev. lage nye for baa bygdene.
  - **Vedlikehald og promotering av stignett:** Det er mange tilrettelagde «natur- og kulturstigar» i området, dette som resultat av fleire ulike prosjekt, nokre for snart 20 år attende. Sams for mange av stigane er at det er noko uklart kven som har ansvaret for at stigane er godt rydda og merka til ei kvar tid. Dette er ei utfordring som også er lyfta fram i samband med "*Opplevingsvegen om Nutheim*". Der arbeider ein også med tilrettelegging av sykkelveggar, og dette bør sjåast i samanheng.
  - **Ev. vidareutvikling av digital formidling:** Det er inga heilskapleg digital formidling knytt til Hjartdal og Svartdal som utvald kulturlandskap, men mykje råmateriale og

ein del erfaringar ein kan bygge vidare på, også i nærområdet (Heddal Bygdetun/Kulturstigen, Seljord og sogene/Kikkeskåpa).

- **Sams marknadsføring:** Det er eit rikt tilbod på vertskapssida i Hjartdal og Svartdal, men det trengst å arbeide vidare med sams marknadsføring og auka tilgjengelegheit. Nettsider og oppdatert informasjon er særleg viktig i denne samanhengen. Utfordringa ligg i å få til ei god arbeidsdeling og kopling mellom Telegardar, Mytiske Telemark, Opplevingsvegen og UKL. Det kan også vera naturleg å sjå på ei kopling mot Industriarven/Verdsarven på Notodden-Rjukan om å ta i mot turistgrupper (utfyllande historier).
- **Å styrke lokalkunnskapen:** Det er alt gjort mange gode tiltak på formidling lokalt, med vekt på born og unge og kunnskapsoverføring mellom generasjonar. Det er å vone at ein greier å vidareføre arbeidet med å flette desse tema inn i undervising i skule og barnehage, uavhengig av korleis skulane blir organisert etter kvart. UKL må spele på lag med lokalbefolkninga, både utveksle lokalkunnskap og fagkunnskap. Det ligg svært mykje informasjon gjennom år med studiar og rapportar, samstundes som den lokale generasjonskunnskapen må vidareførast. Saman er dette kunnskapen om området.
- **Kanaliserer ferdselen:** Det vert lagt opp til å leggje til rette for at turistar og andre interesserte kan besøke området. I den samheng må ein ha klart for seg korleis ein best mogleg skal kanalisere ferdsel slik at ein ikkje får ferdsel på stadar der det ikkje er ynskjeleg, som for eksempel private tun, dyrka mark, beiter osv. Kanalisering kan mellom anna gjerast ved å leggje til rette for ferdsel med sti/veg, parkering, tydeleg skilting og gjerding/sperrer. Det bør og vurderast om det er trong for søppelkassar, toalett mm. for å hindre forureining. Dette vil i så fall vere avhengig av eit samarbeid med andre aktørar for å sjå til at det vert halde ved like. Det må takast høgde for den sårbarheita som ligg i dessa landskapa med omsyn på ferdsel og auka oppmerksamheit.

### 3.5 Utfordringar med avgrensing

Det er viktig å få fram at Hjartdal og Svartdal UKL er eit kjerneområde i eit «større og sjeldan intakt kulturlandskap i Øvre Telemark som i Hjartdal kommune dekkjer Gvammen i aust og Nordbygda og Ambjørndalen i vest, og vidare vestover Svartdal og Flatdal i Seljord kommune» (sitat Forvaltingsplan for jordbrukets kulturlandskap i Nordbygda med Ambjørndalen frå 1996). Sjølv om «vengene» i aust og vest ikkje kom med i det ein kalle eit kjerneområde for biologiske og kulturminnemessige verdiar, har dei likevel innslag av tilsvarande kvalitetar. Særleg med omsyn til dei biologiske kvalitetane er det viktig at ein kan sjå desse områda i samheng.

Når Mælefjelltunellen frå Gvammen i aust til Århus lengst sør i Flatdal i vest kjem på plass i løpet av 2019-2020, ville det ha vore ei styrke for området om ein kunne sjå bygdene langs «gamlevegen» som ein heilskap også når det gjeld forvaltning av kulturlandskap.

## 4. Målsetjingar

Føremålet med UKL-satsinga er å sikre ei langsiktig og heilskapleg forvaltning av utvalde landskapsområde med sær store biologiske og kulturhistoriske verdiar som er forma av langvarig og

kontinuerleg tradisjonell bruk. UKL-innsatsen skal byggje oppunder den aktive landbruksnæringa i dei aktuelle bygdene, bidra til utvikling og fungere som ein ekstra ressurs i forvaltninga av området.

For å få til ei heilskapleg forvaltning er det naudsynt at ein set seg delmål innanfor dei fire viktigaste byggesteinane dette utvalde kulturlandskapet er sett saman av: aktivt landbruk, biologisk mangfald, kulturminne og formidling.

Delmål for forvaltninga av Hjartdal og Svartdal som utvalt kulturlandskap:

- Innsatsområde og prioriterte tiltak skal direkte eller indirekte *stø opp om eit aktivt landbruk med beitedyr*. Ein vil søke å oppretthalde eller auke tal beitedyr i bygdene.
- *Det store biologiske mangfaldet* i form av dei mange innslaga av eldre og artsrike kulturmarkstypar i området skal oppretthaldast og styrkast. Innsatsområde og prioriterte tiltak i UKL skal vera utfyllande til eksisterande ordningar på feltet, og vera av meir overordna karakter.
- *Kulturminneverdiane* i området skal takast vare på og framhevast på ein betre måte enn før området var eit utvalt kulturlandskap. Innsatsområde og prioriterte tiltak skal fange opp både bygningsarv og andre typar kulturminne knytt til det før-industrielle jordbruket. Med omsyn til andre kulturminne er særleg steingardar og eldre ferdselsveggar viktige å synleggjera.
- *Formidlingsverdien* til området skal hevast ved at ein samordnar innsatsen på formidling med andre parallelle og relevante satsingar i samanhengen. Ein vil søke å fremme verdiskaping og næringsutvikling som er knytt til formidling av kulturlandskapsverdier. Særleg viktig i denne samanhengen er samarbeid og koordinering med «Opplevingsvegen om Nutheim», og aktørane som skal vidareføre denne satsinga.
- UKL-statusen skal generelt vera med og legge til rette for *næringsutvikling og verdiskaping*. Særleg innfor reiselivet og formidling vil statusen som UKL område kunne gje gode moglegheiter. I tillegg til å styrke den etablerte landbruksnæringa i området er det eit mål å utløyse ei større verdiskaping knytt til utvikling av lokale produkt. Her har området alt mykje å byggje vidare på.

## 5. Aktuelle tiltak og innsatsområde

Tiltakskategoriane i Utvalde kulturlandskap er mangfaldige. Føresegna som gjeld for Utvalde kulturlandskap i jordbruket er utforma for å kunne tilpassast det einskilde området i størst mogleg grad. I tillegg finst det ei rekke ordningar uavhengig av UKL som kan vera relevante i samanhengen. Desse er lista opp i vedlegg 2.

Styret utformar lokale retningslinjer for disponering av UKL-midlane. Desse retningslinjene skal bygge på føresegna og forvaltingsplanen, og legge føringar for prioriteringar, rammer og satsar.



Forvaltingsplanen gjev i det fylgjande eit oversyn over emne ein ynskjer å ta fatt i, men som kan bli prioritert i ulik grad frå år til år:

## 5.1 Generelle tiltak:

### Overordna informasjonstiltak

- Informasjons- og motivasjonstiltak retta mot dei som driv eit aktivt landbruk med beitedyr.
- Informasjonstiltak for å ta vare på biologiske verdiar i kulturlandskapet.
- Informasjonstiltak for å ta vare på kulturminne og bygningsarv.

### Overordna planleggingstiltak

- Arbeide for at det blir laga ein byggeskikkrettleiar.

## 5.2 Tiltak for å fremje beitebruk

### Gjerding

Med unntak av område som ut frå særlege biologiske verdiar bør skjøttast som slåttemark, er *beitedyr* og *gjerding* løysinga for å ta vare på landskapsbiletet totalt sett. Det er også reint driftsmessige fordelar ved å gjerde inn areal rundt jordekantane. Ein unngår for det fyrste at kjørearealet skrumpar inn på grunn av kratt og skog som veks inn frå sidene, for det andre kan det gi variasjon i matfatet for beitedyra.

Uavhengig av type drift, og om ein har eigne dyr eller avtale med andre om lån eller leige av beite, er *faste gjerde* eit godt utgangspunkt. Faste og solide gjerde er dyre og arbeidskrevjande å setja opp, men legg som regel betre til rette for stabil og langsiktig bruk enn mobile gjerdetypar. Dette gjeld også etterbeiting på dyrkamark, der ein tek med kantane for å unngå attgroing mellom «traktorjorda» og det som grensar til frå andre kanten, til dømes eit steingjerde eller eit skogbryn.

Mot veg kan i mange tilfelle *mobile gjerde* vera betre eigna og mindre arbeidskrevjande enn faste. Mobile gjerde kan setjast lenger ut mot vegkanten, i motsetjing til faste, som gjerne får hard medfart både av brøyting og kantslått.

Den mest vanlege tradisjonelle gjerdetypen i området er bordgard, av og til i kombinasjon med steingard (bordgard på toppen av steingard).

Restaurering av steingard sorterer konkret under ivaretaking av kulturminne, og bør ev. bli sett i samanheng med prioriteringane innanfor dette temaet frå år til år.

## 5.2 Tiltak for å fremje biologisk mangfald

Restaurering og skjøtsel av artsrike lokalitetar med slåtteeng, styvingstre og naturbeitemark er blant dei viktigaste tiltaka for å fremje biologisk mangfald. Det finst eigne ordningar for lokalitetar som har eit stort artsmangfald (A- eller B-verdi i Naturbase). For desse kan det utarbeidast skjøtselsplan og lagast skjøtselsavtaler knytt opp mot tilskottsordningane RMP (Landbruksdirektoratet/Fylkesmannens landbruksavdeling) og/eller Truga naturtyper (Miljødirektoratet/Fylkesmannens miljøvernabdeling). I tillegg finst det meir overordna og generelle område det kan gjerast ein innsats på:

### Slått av kantsoner

Som det går fram av kap. 3.2 er det utfordringar knytt til å ta vare på dei meir kvardagslege innslaga av blomerike enger i landskapet, så som middels artsrike veg- og jordekantar. I denne samanhengen er det viktig å inspirere til innsats.



*Figur 19. Fint å gå ein sommarmorgon langs Holmsvegen i Hjartdal, for liten og stor, innbyggjar og tilreisande. Foto: Ingvill Garnås*



*Figur 20. Prestekragar, blåkløkker og tjøreblom i ein vegkant i Svartdal. Desse tre kjende og kjære blomane er gode karakterartar for gamal slåttemarksflora. Foto: Ingvill Garnås*

### **Fjerning av framande artar**

Det er viktig å unngå spreiding av lupin og andre framande artar i området. Dette er artar som kan fortrenge stadeigen flora. Dette bør det vera høg fokus på i eit område med så store biologiske verdiar som Hjartdal og Svartdal UKL.

### **5.3 Tiltak for å fremje kulturminneverdiar**

UKL kan nyttast til å fremje kulturminneverdiane innanfor området. Det er viktig at ein ser verkemidla saman med andre aktuelle tilskotsordningar for best mogleg innsats på området. Innanfor kulturminneforvaltinga finst det gode ordningar for restaurering og ivaretaking av bygningsarv. Det kan søkast midlar gjennom landbrukets SMIL-ordning (avhengig av kva som blir prioritert lokalt) samt Kulturminnefondet. UKL-midlane for Hjartdal og Svartdal kan nyttast til bygningstiltak.

#### **Restaurering og vedlikehald av steingardar, fegater og bakkemurar**

Når det gjeld faste kulturminne kan ein innanfor Hjartdal Nordbygd og Svartdal UKL prioritere å arbeide med og gi stønader til restaurering av steingardar, fegater (geil, gutu/gotu) og bakkemurar.

#### **Synleggjering av kulturminne**

Mange typar kulturminne er i dag attgrodd og lite synlege for innbyggjarar og vitjande. Ikkje minst gjeld dette steingardar. Det er eit mål å synleggjere slike kulturminne.

#### **Rydding og tilrettelegging av gamle ferdselsvegar**

Rydding og tilrettelegging av gamle ferdselsvegar er eit viktig kulturminnetiltak, men er på grunn av at det også har med formidling å gjera lagt inn under emnet Formidling og «Frie opplevingstilbod».

### **5.4 Tiltak for å styrke formidling av kulturlandskapsverdiar**

Ein kan innanfor Hjartdal og Svartdal UKL prioritere å arbeide med og gi stønader til tiltak som fell innanfor desse områda:

#### **«Frie opplevingstilbod»**

Ettersyn, vedlikehald og vidareutvikling av såkalla «frie opplevingstilbod», så som infotavler, stigar (gjerne gamle ferdselsvegar), sykkelvegar og nettbasert formidling. UKL kan gje tilskott til organisering, planlegging og tiltak.

Det vil i den samanheng vere viktig å jobbe for skilting inn til og innanfor UKL området. Dette vil gjelde både områdeskilt med tilvising til Hjartdal og Svartdal UKL område, men og informasjon i området. Det kan til dømes vere på begge sider av Mælefjelltunellen og på respektive rasteplassar. Både Statens vegvesen og «Opplevingsvegen om Nutheim» er aktuelle samarbeidspartar.

## 5.5 Andre næringsretta tiltak

Området har blitt til gjennom aktiv bruk gjennom mange generasjonar. Det viktigaste virkemiddelet for å ta vare på kulturlandskapet i framtida er også gjennom aktiv bruk med husdyrproduksjon og beiting.

Tidene endrar seg, og aktiv bruk i dag er oftast avhengig av kombinasjon med anna arbeid / næring. Gardsdrifta har også utvikla seg til i større grad vera ein kombinasjon av husdyrproduksjon og bruk av andre ressursar som gardane har føresetnader for å bruke.

Det er ei stor utfordring for små bygdelag i distriktskommunar i dag å oppretthalde busetjing og arbeidsplassar. Endå større utfordring er det å tileigne seg ny busetjing og nye arbeidsplassar. Alle bygdelag har behov for aktive miljø for å skape trivsel og framtidig busetjing. For å sikre dette er det avgjerande å legge til rette for utvikling innanfor busetjing, landbruksnæring og andre næringer som fremmer målsettingane i forvaltingsplanen.



Figur 21: Bjørg Minnesjord Solheim på Telespinn, spinneri og butikkutsal på garden i Midt-Svartdal. Det meste av garnet er henta frå beitande mohairgeit i landskapet omkring garden Foto: Telespinn AS

## 6. Forvaltning og lovverk

I 2017 blei *Forskrift for Utvalgte kulturlandskap i jordbruket og verdensarvsatsingen over LUF til Vestnorsk fjordlandskap og Vegaøyane* vedteke. Føresegna er å finne på denne lenka; <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2016-08-10-966>

Satsinga er tverrfagleg og er organisert som eit spleiselag mellom landbruksmyndigheiter og miljømyndigheiter. Sentralt er det samarbeidet mellom direktorata Landbruksdirektoratet,

Miljødirektoratet og Riksantikvaren, som utgjør sekretariatet for satsinga. Landbruksdirektoratet har koordineringsansvaret.

På fylkesnivået er Fylkesmannens landbruksavdeling koordinator og er tilskotsforvaltar på vegne av staten. Dei samarbeider med Fylkesmannens miljøvernavdeling og regional kulturminneforvalting (fylkeskommunen og Sametinget). Kommunen har også ei sentral rolle som tilretteleggar og kontaktpunkt.

Områda står fritt til å velje organisering. I vel halvparten av områda er det skipa eit samarbeidsorgan med representantar frå regional og lokal forvalting, grunneigarar, næringsorganisasjonar og så bortetter. Forvaltinga av områda skal ha lokal forankring. Det er frå sentralt hald fremma ynskje om at kommunane tek omsyn til områda i kommuneplanens arealdel.

Forvaltinga skal baserast på frivillige privatrettslege avtaler med grunneigarar/brukarar. Innanfor denne ramma er det vald ulike modellar i dei utvalde områda, mellom anna når det gjeld kven som er avtalepartar og samarbeidspartar.

Organiseringa i Hjordal og Svartdal UKL går fram av kap. 1.3. Tilhøvet til kommuneplanens arealdel er også omtala der.

## 7. Finansiering og søknadsprosedyre

### 7.1 Finansiering

Dei utpeika UKL-områda vil få tildelt ein pott pengar kvart år. Det er Fylkesmannen si landbruksavdeling som er mottakar av pengane frå Landbruksdirektoratet. Heile ordninga er eit spleiselag mellom Landbruks- og matdepartementet og Klima- og miljødepartementet. Storleiken på potten til det einstilte området er bestemt av den totale ramma til fordeling kvart år, saman med innmeldt budsjett og bruken av inneverande områdemidlar. Det vil difor kunne variere kvart år kor mykje områda har til disposisjon, og det vil vere ulikt frå område til område. I oppstartsåret 2017 fekk Hjordal og Svartdal 350 000 kr og i 2018 fekk området tildelt 800 000 kr.

Tiltaksmidlar i UKL har mange innsatsområde. I det store skil ein mellom tiltak innan planlegging, kulturminne, naturverdiar, kulturlandskapspleie, tradisjonelle driftsformer, formidling og kompetansebygging. Innanfor desse viser vedlegg 1 fleire innsatsområde. Det er styringsgruppa som prioriterer innsatsområda i samband med regional forvalting og styringssignal frå direktorata. Ein bør prøve å ha ein mest mogleg lik innsats innanfor fagområda naturmangfald, kulturminne og landbruksrelaterte tiltak, og ein bør leggje stor vekt på næringsretta tiltak, formidling og mobilisering som støttar opp om kulturlandskapsverdiane. Dei gode kulturlandskapstiltaka oppfyller ofte fleire av desse målområda.

## 7.2 Søknadshandsaming

Hjartdal og Svartdal UKL skal ha oppdaterte søknadsskjema og retningslinjer for kvart søknadsår. Det skal setjast ein søknadsfrist på våren.

- 1) Søknadsskjema skal vere eit enkelt og standardisert skjema som er lett å kjenne att frå år til år.
- 2) Retningslinjene skal bygge på forskrift og denne forvaltingsplanen. Retningslinjene skal innehalde satsar for tiltak og rutinar rundt sakshandsaming.

Søknadsskjema og retningslinjer må kunne tilpassast det einskilde søknadsåret dersom det er spesielle satsingar, sentrale føringar og ynskje om å vektlegge nokon innsatsar. Styret kan velje å sette fokus på nokre satsingar, og det må gå tydeleg fram av søknadspapira. Det skal vere ein hovudsøknadsfrist, og styret kan vurdere å opne opp for fleire søknadsomgangar når det er attståande midlar eller ved andre særskilde omsyn.

Ved utbetaling av tilskot gjeld vilkår sett i tilskotsbrevet. Her er det sett arbeidsfrist for tiltaket og informasjon om korleis tilskotet verte utbetalt. Generelt går oppmoding om utbetaling via kommunen og Fylkesmannen utbetalar. Tilskotsbrevet sett krav til dokumentasjon før utbetaling. Normalt vert det sett krav om timelister og dokumentasjon på innkjøp. Alle som søker og får tilskot, må dokumentere med bilde før og etter tiltaket. Det kan bli føreteke synfaring og kontroll på tiltaket.

Grunneigarar, drivarar, lag og organisasjonar innanfor UKL-området som medverkar til å nå måla i forvaltingsplanen og eventuelle skjøtselsplanar, dersom det er utarbeidd, kan søkje. Dersom søker ikkje er grunneigar, må det ligge føre løyve frå grunneigar eller andre rettshavarar.

Ut frå gjeldande forskrift er det Fylkesmannen som vedtek og handsamar søknader ut frå tilgjengelege middel. Kommunen tek imot søknader og gjev ein uttale ved oversending til Fylkesmannen. Styret kan lage prioriteringar for innsatsområde, men ikkje handsame og vedta enkeltsøknader. Klage på vedtak skal ein sende til Fylkesmannen, og dersom ikkje klagar får medhald, går klaga til Landbruksdirektoratet for endeleg avgjerd.

## Aktuell litteratur

Forskrift om tilskudd til tiltak i Utvalgte kulturlandskap i jordbruket og verdensarvområdene Vegaøyen og Vestnorsk fjordlandskap (For-2016-08-10-966)

### Lokale rapportar og registreringar

- Tilstandsvurdering av Hjartdal og Svartdal som nasjonalt verdifullt kulturlandskap. Garnås, Ingvill, Daugstad, Kristin og Svalheim, Ellen 2016. Miljødirektoratet.
- Generell skjøtselsplan for Hjartdal og Svartdal. Sickel, Hanne og Geirsta, Gunhild 2006. Eldhusprosjektet.
- Skjøtselsplanar: Kvart gardsbruk i Svartdal fekk utarbeida skjøtselsplan med oversyn over verdifull kulturmark og kulturminne. Dette er arkivert hjå Seljord kommune. For Hjartdal sin del er det berre utarbeida skjøtselsplanar med tema slåttemark, haustingsskog eller enkle rydde-/gjerdeplanar for naturbeitmark, sistnemnde som grunnlag for SMIL-søknader. Oversyn over tematiske skjøtselsplanar for slåttemark eller haustingsskog/område med styvingstre fylgjer planen som vedlegg.
- Sluttrapport frå kulturlandskapsprosjektet i Hjartdal 1999-2002. Schei, Ole Per 2002.
- Sluttrapport frå kulturlandskapsprosjektet i Svartdal 2000-2002. Geirsta, Gunhild 2002.
- Forvaltingsplan for jordbrukets kulturlandskap i Nordbygda med Ambjørndalen. Heggenes, Jan 1996.
- Bygningsvern og ny bebyggelse i Nordbygda i Hjartdal. Bilag til forvaltingsplan. Lundesgaard, Olav 1996.
- Botaniske registreringar på kulturmark i Hjartdal Nordbygd og Ambjørndalen. Eriksen, Jan Erik 1995.
- Husmannsplassar i Svartdal. Aakre, Harald 1996
- Kvennar, sagir og andre kulturminne i Seljord kommune. Aakre, Harald 2006.
- Geologien i Svartdal , Seljord, Telemark 2002 Fylkesgeolog Sven Dahlgren
- Skarsvegen av Harald Åkre , Svartdal 1991
- Langs Svorteåi – Frå Svartdal til Hjartdal av Halvor. J. Sandsdalen 1986
- Blekagruver i Svartdal – Hallvard Aasbø 1974
- Lokale opplevelsesvegar-vegen, stedet og landskapet. Tora Grøstad & Helene Hoel Oppegaard 2017- master i landskap-arkitektur, NMBU

### Faglitteratur

Kulturmark:

- Ny rettleiar slåttemark (MD2018)
- Ny rettleiar haustingsskog og styvingstre (MD2018)
- Beitedyr i kulturlandskapet, Nedkvitne J. J. m.fl. 1995
- Skjøtselsboka, Norderhaug A. m.fl 1999
- Bondens kulturmarksflora for Østlandet – Bioforsk , Bele, Svalheim og Norderhaug 2011
- Trær og Tradisjon. Austad I. og Hauge L. 2014

- Slå med ljà, Evensen. H . P. 2015
- Norsk pollinatorstrategi, Departementa 2018

Kulturminne:

- Jon Bojer Godal sine populærvitenskaplege utgjevingar om bygningsvern/materialbruk
- Norges låver, Røyane E. 2014.

Landskap:

- Tilbakeblikk norsk landskap i endring, Puschmann O. m.fl 2006



## VEDLEGG

### VEDLEGG 1 GENERELL TILTAKSLISTE

Tiltak	
Planlegging	Forvaltningsplanar
	Skjøtselsplanar
	Tilstandsrapportar m.v. for bygningar
	Registrering av kulturminne
	Anna kartlegging/registrering
	Arbeid/møte i grunneigarlag, styringsgrupper m.v.
	Anna (skriv kva)
Kulturminne	Istandsetting/skjøtsel av automatisk freda kulturminne
	Istandsetting/vedlikehald av bygningar
	Istandsetting/vedlikehald av steingjerde og skigardar
	Istandsetting/vedlikehald av andre kulturminne
	Anna (skriv kva)
Biologisk mangfald	Istandsetting av Utvald naturtype - kystlynghei
	Skjøtsel av Utvald naturtype - kystlynghei
	Istandsetting av Utvald naturtype - slåttemark m.v.
	Skjøtsel av Utvald naturtype - slåttemark m.v
	Istandsetting av andre areal m/særskilde biologiske verdiar (trua/prioriterte artar, Utvalde/trua naturtypar eller naturtypar spesielt viktige for biologisk mangfald.
	Skjøtsel av andre areal m/særskilde biologiske verdiar (trua/prioriterte artar, Utvalde/trua naturtypar eller naturtypar spesielt viktige for biologisk mangfald.)
	Fjerning av framande artar
	Anna (skriv kva)
Beite og landskapsskjøtsel	Beiterelaterte tiltak
	Generell landskapsskjøtsel/vegetasjonsrydding
	Anna (skriv kva)
Andre næringsretta tiltak	Næringsutviklingstiltak (skriv kva)
	Drift av seter
	Turstiar og vegar
	Ryddeaksjonar, avfallsinnsamling m.v.
	Investeringar i driftsbygning

	Maskinar og utstyr m.v.
	Lokale kurs/kompetansetiltak
	Anna (skriv kva)
Overvaking/ dokumentasjon	Prøveflater/registrering i marka
	Annan dokumentasjon
Formidling	Skilting/profilering
	Slåttedagar/fagdagar, markdagar/lokale arrangement o.l
	Erfaringsformidling til/frå andre UKL-område
	Deltaking i andre sine arrangement/prosjekt
	Tiltak retta mot media og fagtidsskrift
	Brosjyrer/bøker
	Nettsider
	Anna (skriv kva)

## VEDLEGG 2 OVERSYN OVER ANDRE RELEVANTE ORDNINGAR

Landbruksforvaltinga i kommunane driv rettleiande verksemd innanfor landbruksdrift generelt, og hjelper mellom anna til med å finne fram til dei rette tilskottsordningane for ulike typar drift. Her fylgjer eit oversyn over ordningar som er relevante i UKL-samanheng;

- Landbruksforvaltinga (Landbruksdirektoratet/ Fylkesmannens landbruksavdeling i samarbeid med landbruksansvarlege i kommunen):
  - Regionale miljøprogram (RMP: Arealtilskott i ulike kategoriar, for dei som innfrir vilkår for produksjonstilskott, på eiga jord eller leigejord. Kvart fylke har eit eige miljøprogram.
  - Spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL): Føremålet med ordninga er å ta vare på natur- og kulturminneverdiane i kulturlandskapa til jordbruket, samt redusere forureininga frå jordbruket, utover det ein kan forvente gjennom vanleg jordbruksdrift. Eit viktig siktemål med ordninga er å få til ein meir målretta innsats med utgangspunkt i lokale behov, utfordringar og målsetjingar. Kvar kommune har sine prioriteringar/strategiar.
- Miljøforvaltinga (Miljødirektoratet/Fylkesmannens miljøvernnavdeling):
  - Truga naturtypar (TN) ([www.miljodirektoratet.no](http://www.miljodirektoratet.no) Elektronisk søknadssenter)
- Kulturminnefondet [www.kulturminnefondet.no](http://www.kulturminnefondet.no)
- Kommunale næringsfond/Innovasjon Norge BU midlar. Aktuelle ting å søke om: Næringsbygg, kjøp av mjølekvote, bedriftsutvikling.

Det er i fyrste rekke Fylkesmannens miljøvernnavdeling som har oversynet og som forvaltar biologisk viktige kulturmarkslokalitetar. Dei vurderer på bakgrunn av registreringar eller tips og nærare undersøkingar om det er grunnlag for å få utarbeida skjøtselsplan og skjøtselsavtaler knytt til TN-ordninga, ev. i kombinasjon med RMP og SMIL for søkarar som kjem inn under aktivt landbruk (det vil sei dei som innfrir vilkår for å søke produksjonstilskott). For dei som fell utanfor landbruksordningane er det mogleg å søke TN-midlar til både restaurerings- og skjøtselstiltak.

Det er Fylkeskommunens kulturminneavdeling som har oversynet og som forvaltar freda og verneverdige kulturminne. Eigarar av freda hus og anlegg kan søke stønad til tiltak direkte av Riksantikvaren. Kulturminnefondet er søknadsordninga som gjeld for verneverdige bygningar og anlegg. Det er ei føremon å kombinere SMIL-søknad med søknad til kulturminnefondet. Dette føreset at ein ev. prioriterer bygningsvern i den lokale SMIL-strategien. For Hjartdal og Svartdal UKL bør det vera eit mål å prioritere istandsetjing av bygning knytt til jordbrukets kulturlandskap, både i inn- og utmark, inkludert i stølsområde, sjølv om desse fell utanfor UKL-avgrensinga.

## VEDLEGG 3 OVERSYN OVER SKJØTSELSPLANAR

### Liste over skjøtselsplanar i Hjartdal Nordbygd 2009-2018

Skjøtselsplanar for slåttemark	Naturbaseid.
<b>Togrenda-Ambjørndalen</b>	
Garnås, I. 2011. Skjøtselsplan for slåttemark på Bråten.	BN00067440
Garnås, I. 2011. Skjøtselsplan for slåttemark på Øvre Bøllås.	BN00067438
Garnås, I. 2011. Skjøtselsplan for slåttemark på Nedre Bøllås. <i>Merknad: Ikkje aktiv som slåttemarkslokalitet per 2016.</i>	BN00067439
Garnås, I. 2013. Skjøtselsplan for slåttemark på Ambjørndalen. <i>Merknad: Revisjon av plan frå 2009.</i>	BN00067441*
Svalheim, E. 2014. Skjøtselsplan for slåttemark på Lislero.	BN00067444*
Garnås, I. 2011. Skjøtselsplan for slåttemark på Valufsin.	BN00067443
<b>Libøen</b>	
Garnås, I. 2011. Skjøtselsplan for slåttemark på Kåsastul. <i>Merknad: Under revisjon i 2016.</i>	BN00067435*
Garnås, I. 2011. Skjøtselsplan for slåttemark på Haatveit Nordre.	BN00067434
Garnås, I. 2011. Skjøtselsplan for slåttemark på Øvre Håtveit. <i>Merknad: Ikkje aktiv som slåttemarkslokalitet per 2016.</i>	BN00067433
Garnås, I. 2014. Skjøtselsplan for slåttemark på Finsekre. Revisjon av plan frå 2010.	BN00067432*
Garnås, I. 2011. Skjøtselsplan for slåttemark på Kåsa. <i>Merknad: Under revisjon i 2016.</i>	BN00067431*
Garnås, I. 2011. Skjøtselsplan for slåttemark på Øvre Nordbø.	BN00067436
Garnås, I. 2011. Skjøtselsplan for slåttemark på Holm Østre. <i>Merknad: Under revisjon i 2016.</i>	Manglar
<b>Rogrenda</b>	
Garnås, I. 2014. Skjøtselsplan for slåttemark på Søndre Århus. <i>Merknad: Revisjon av plan frå 2011.</i>	BN00067437*
<b>Midten av bygda / Holmsvegen</b>	
Garnås, I. 2011. Skjøtselsplan for slåttemark i Kyrkjeparken. <i>Merknad: Prosjekt for å bli kvitt lupin og få meir slåtteengaktig eng i parken.</i>	Manglar
<b>Skjøtselsplanar for lokalitetar med styvingstre</b>	<b>Naturbaseid.</b>
<b>Togrenda-Ambjørndalen</b>	
Garnås, I. 2014. Skjøtselsplan for lauvingslia på Myljom-To	BN00109122*
Garnås, I. 2014. Enkel skjøtselsplan for styvingstre på Nord-To.	Manglar
Garnås, I. 2015. Skjøtselsplan for styvingstre på Levors-To	Manglar
Garnås, I. 2015. Skjøtselsplan for haustingsskog på Ambjørndalen. Revisjon av plan frå 2011.	Manglar
Garnås, I. 2015. Skjøtselsplan for styvingstre på Lislero	Manglar
Garnås, I. 2015. Skjøtselsplan for styvingstre på Valufsin-Dale	Manglar
<b>Midten av bygda / Holmsvegen</b>	
Garnås, I. 2014. Enkel skjøtselsplan for styvingstre på Bratsberg.	Manglar

Liste over skjøtselsplanar utarbeidd i perioden 2009-2016. Der naturbaseidentitetsnummeret er merka med stjerne er ikkje oppføringa i Naturbase oppdatert i samsvar med gjeldande skjøtselsplan (går både på avgrensingar og innhald).

**Liste over skjøtelsplanar i Svartdal 2009-2018.**

<b>Skjøtelsplanar for slåttemark</b>	<b>Naturbaseid.</b>
Garnås, I. 2015. Skjøtelsplan for slåttemark på Bakken.	BN00109502
Garnås, I. 2011. Skjøtelsplan for slåttemark på Barstad Nordre.	BN00069948*
Garnås, I. 2011. Skjøtelsplan for slåttemark på Barstad Søndre.	BN00069945
Garnås, I. 2011. Skjøtelsplan for slåttemark på Barstad Øvre	BN00069947
Garnås, I. 2011. Skjøtelsplan for slåttemark på Blika Nordre.	BN00069943
Garnås, I. 2011. Skjøtelsplan for slåttemark på Blika Søndre.	BN00069941
<i>Merknad: Ikkje aktiv som slåttemarkslokalitet per 2016 (berre beita).</i>	
Garnås, I. 2011. Skjøtelsplan for slåttemark på Blika Øvre	BN00069942
Garnås, I. 2011. Skjøtelsplan for slåttemark på Brudalen.	Manglar
Garnås, I. 2011. Skjøtelsplan for slåttemark på Haugstaul.	BN00069944
Garnås, I. 2016. Skjøtelsplan for slåttemark på Lien Nedre	BN00069952*
Garnås, I. 2011. Skjøtelsplan for slåttemark på Svartdal Nordre.	Manglar
Garnås, I. 2017. Skjøtelsplan for slåttemark på Svartdal Søndre.	Manglar
Garnås, I. 2011. Skjøtelsplan for slåttemark på Åkre Nordre.	BN00069951
Garnås, I. 2011. Skjøtelsplan for slåttemark på Åkre Søndre.	BN00069949
<b>Skjøtelsplanar for lokalitetar med styvingstre</b>	<b>Naturbaseid.</b>
Garnås, I. 2014. Skjøtelsplan for styvingstre på Haugsvold.	BN00020814*

Liste over skjøtelsplanar utarbeidd i perioden 2009-2016. Der naturbaseidentitetsnummeret er merka med stjerne er ikkje oppføringa i Naturbase oppdatert i samsvar med gjeldande skjøtelsplan (går både på avgrensingar og innhald).

## VEDLEGG 4 OVERSYN OVER NATURBASEREGISTRERINGAR

### Liste over avgrensa naturtypar i Naturbase per 2018 – Hjartdal Nordbygd

	Naturtype	Naturbaseid.	Namn	Verdi	Reg. år	Skjøtselsplan (X)
D01	Slåttemark	BN00067440	Bråten	A	2010	X
D01	Slåttemark	BN00067438	Øvre Bøllås	A	2010	X
D01	Slåttemark	BN00067439	Nedre Bøllås	A	2010	X (ikkje aktiv)
D01	Slåttemark	BN00067441*	Ambjørndalen	A	2010	X
D01	Slåttemark	BN00067444*	Lislero	B	1995	X
D01	Slåttemark	BN00067443*	Valufsin	B	1995	X
D01	Slåttemark	BN00067435*	Kåsastul	B	2010	X
D01	Slåttemark	BN00067434	Haatveit Nordre	B	2010	X
D01	Slåttemark	BN00067433	Øvre Håtveit	B	2010	X (ikkje aktiv)
D01	Slåttemark	BN00067432*	Finsekre	B	2010	X
D01	Slåttemark	BN00067431*	Kåsa	B	2010	X
D01	Slåttemark	BN00067436	Øvre Nordbø	A	2010	X
D01	Slåttemark	BN00067437*	Søndre Århus	B	2010	X
D01	Slåttemark	-	Holm Østre	B	-	X
D17	Lauveng	BN00109122*	Nedre Tho (Myljom-To)	A	2008	X
F13	Rik blandingskog i låglandet	BN00088425	Ambjørndalen N	A	2007	(X)
F17	Rik barskog	BN00088427	Ambjørndalen S	A	2007	-
D24	Tresatt kulturmark	BN00109122	Mæland	B	2007	-
F01	Rik edellauvskog	BN00088442	Løksli V	B	2007	-
F07	Gamal boreal lauvskog	BN00088447	Mæland Ø	B	2000	-
F09	Bekkekløft og bergvegg	BN00109297	Kalddalen	B	2008	-

Liste over naturtyperlokaltetar i Hjartdal Nordbygd i Naturbase per 2016. Der naturbaseidentitetsnummeret er merka med stjerne er ikkje oppføringa i Naturbase oppdatert i samsvar med gjeldande skjøtselsplan (går både på avgrensingar og innhald). (X): Når det gjeld området med F13 Rik blandingskog i låglandet i Ambjørndalen, overlappar dette med to små skjøtselsplanar for styvingstre på Valufsin-Dale og Lislero. Det grensar også til fleire skjøtselsplanar for styvingstre på Ambjørndalen og i Togrenda (Nord-To, Myljom-To og Levors To). Desse områda er enno ikkje avgrensa og lagt inn som naturtyperlokaltetar i Naturbase.

Liste over avgrensa naturtypar i Naturbase per 2018 - Svartdal

	Naturtype	Naturbaseid.	Namn	Verdi	Reg. år	Skjøtselsplan (X)
D01	Slåttemark	BN00109502	Bakken	B	2014	X
D01	Slåttemark	BN00069948*	Barstad Nordre	B	2000	X
D01	Slåttemark	BN00069945	Barstad Søndre	B	2010	X
D01	Slåttemark	BN00069947	Barstad Øvre	A	2010	X
D01	Slåttemark	BN00069943	Blika Nordre	A	2010	X
D01	Slåttemark	BN00069941	Blika Søndre	A	2010	X (ikkje aktiv)
D01	Slåttemark	BN00069942	Blika Øvre (Laukereini)	A	2010	X
D01	Slåttemark	Manglar	Brudalen	B	2010	X
D01	Slåttemark	BN00069953	Bølskvæven	B	2000	X (gml)
D01	Slåttemark	BN00069944	Haugstaul	A	2010	X
D01	Slåttemark	BN00069952*	Lien Nedre			
D01	Slåttemark	BN00069954	Nørdsteteig	B	2000	Utgått
D01	Slåttemark	Manglar	Svartdal Nordre	B	2010	X
D01	Slåttemark	BN00069951	Åkre Nordre	B	2010	X
D01	Slåttemark	BN00069949	Åkre Søndre	B	2010	X
D04	Naturbeitemark	BN00020806	Bakkemoen	B	2000	-
D04	Naturbeitemark	BN00069946	Brattekakke	A	2010	-
D05	Hagemark	BN00020814	Haugsvold	B	2000	
F13	Rik blandingsskog i låglandet	BN00093075	Åkre-Barstad	B	2010	-
F13	Rik blandingsskog i låglandet	BN00092874	Kåsi	B	2010	-
B01	Sørvendte berg og rasmarker	BN00092832	Bakken-Luten	B	2010	-
F01	Rik edellauvskog	BN00092895	Luten NØ	B	2010	

Liste over naturtypelokalitetar i Svartdal i Naturbase per 2016. Der naturbaseidentitetsnummeret er merka med stjerne er ikkje oppføringa i Naturbase oppdatert i samsvar med gjeldande skjøtselsplan (går både på avgrensingar og innhald).